

8. – 10. oktober / www.litteratursymposiet.no

Nº 15

ODDA2020
LITTERATURSYMPOSIET



Litteratursymposiet i Odda 2020

15-årsjubileum

I mars 2020 endra alt seg. Det kom forbod mot å samlast på offentleg stad, kulturarrangement vart avlyste på dagen, det var ikkje lov til å klemme på vener og kjenningar. Avstand var den nye normen. Korleis navigere i dette som kulturarrangør?

Det lettaste ville nok vore å avlyse, halde seg unna. Mange skulle nok ynskja vi gjorde det. Digital festival? Det var gøy dei første vekene: Vi sugde til oss konsertar og forestillingar heime i vår eiga stove. Men så kom saknet etter møteplassane, ein arena der kloke hovud kunne sette ord på tida vi lever i, ein stad å le, ein kveld for å bli underholdt. Etter dette rare halvåret, trur eg folk har eit sterkt behov for å oppleve kultur.

Som haustfestival hadde vi tid og moglegheit til å tilpasse oss dei nye vilkåra, og det har vi gjort med årets program. I 15 år har Litteratursymposiet i Odda vore haustens høgdepunkt for mange. I år stoppar vi opp, ser litt framover, og litt tilbake på desse 15 åra. I staden for å lage ein pest-festival, har vi henta fram tema frå dei 15 åra. Dei har stått seg veldig godt.

Vi som organiserer festivalen har jobba hardt for å fasilitere for ein trygg festival. Vi er heilt avhengige av at de som publikum held dykk til reglane. Dei er ganske enkle: Hald deg heime om du er sjuk, hald ein meter avstand til andre og vask hendene ofte.

Om alle held seg til desse, skal vi klare dette, saman.

Beste helsing

Ingvild Ystanes
festivalleiar, Litteratursymposiet i Odda

ODDA2020  8. - 10. oktober / www.litteratursymposiet.no
LITTERATURSYMPOSIET

TORS DAG 8. OKTOBER

12.00 Sentralbadet

12-18.00 Nitrogenanlegget

13.00 Kinosalen

15.00 Kinosalen

16.00 Lindehuset

16.45 Porten eller Iris Scene

17.30 Odda Ungdomsskule

17.30 Nitrogenanlegget

19.00 Lindehuset

Nyliberalismen og mennesket

Foredrag ved Linn Stalsberg. 100,-

Symposieutstillinga The hoplessness of being alive, Maria Pasenau. *Gratis*
Tekstallianse – Litteraturøkonomi

Anne Oterholm, Tore Slaata og Hilde Sandvik. *Gratis*

Tekstallianse – Litteraturpolitikk

Gunhild Berge Stang, Anne Oterholm og Hilde Sandvik. *Gratis*

Garasjeland Frode Grytten i samtale med Jens M. Johansson om si nye novellesamling Garasjeland. 150,-

Kråkene - Gratiskonsert

U-BAR Elevar ved Odda Ungdomsskule framfører egne tekstar, med musikk.

Opning av symposieutstillinga

The hoplessness of being alive, Maria Pasenau *Gratis*

Litterær Kraftstasjon Symposiets opningsforestilling. 250,-

FREDAG 9. OKTOBER

11.00 Murboligen

11.30 Heradsstyres., Kinsarvik

11.30 Biblioteket i Jondal

12.00-18.00 Nitrogenanlegget

12.00 Sentralbadet

13.00 Lindehuset

14.00 Kinosalen

Bikubegang

Byvandring med Frode Grytten. 100,-

Snikkikk No. 15 Marit Eikemo og

Lars Ove Seljestad les tekstane frå symposieantologien. I samarbeid med Ullensvang bibliotek. *Gratis*

Snikkikk No. 15 Kjartan Fløgstad les frå antologien med Annlaug Børshem *Gratis*

Symposieutstillinga The hoplessness of being alive Maria Pasenau. *Gratis*

Det essayistiske univers

Essay av Ida Lødemel Tvedt. 100,-

Kvinnekroppen Maria Pasenau og Wencke Mühleisen i samtale med

Linn Stalsberg. 150,-

Tekstallianse Nobel Debatt om årets tildeling. Hilde Sandvik, Frode Helmich Pedersen m.fl. *Gratis*

- 14.00 Porten *Terapigang* Vandring med Frode Grytten og Henning H. Bergsvåg. 100,-
- 15.00 Lindehuset *Døden* Kjersti Annesdatter Skomsvold og Pedro Carmona-Alvarez møter Ida Lødemel Tvedt. 150,-
- 16.00 Porten eller Iris Scene *Foreningen for By og bygd* Gratiskonsert.
- 17.00 Kinosalen *Ro/Uro* Konsertforedrag med Marthe Valle. 250,-
- 18.00 Sentralbadet 2.etg *Sentralbadet poesi* Henning H. Bergsvåg om *Dette er ikke et stille sted*. 100,-
- 19.00 Kinosalen *Utroskap* Nina Lykke og Wencke Mühleisen møter Marit Eikemo til samtale. 150,-
- 20.00 Røldalsgarasjen *Stør og Sjampanjebrus* Erlend G. Huus presenterer ny bok. 100,-
- 20.00 Lindehuset *Ein kveld med Tore Renberg* 250,-

LAURDAG 10. OKTOBER

- 11.00 Lindehuset *Småsymp* Heavkatten. 200,-
- 12-18.00 Nitrogenanlegget *Symposieutstillinga The hopelessness of being alive* Maria Pasenau. Gratis
- 12.00 Lindehuset *Litteratur på loffen* Knut Markhus og Ida Lødemel Tvedt og Jens Kihl. 150,-
- 13.00 Porten *Smelteverket rundt på 100 minutt* Fabrikkvandring med Lars Ove Seljestad og Terje Kollbotn. 100,-
- 13.30 Kinosalen *Kvardagsstein* Film av Leander Djønne. 100,-
- 14.00 Porten eller Lindehuset *Odda Storband – konsert* Gratis
- 14.30 Kinosalen *Lesestund* Nina Lykke, Jens M. Johansson, Kjersti Skomsvold Annesdatter, Wencke Mühleisen. 150,-
- 15.00 Sentralbadet *Stør og sjampanjebrus* Erlend G. Huus presenterer ny bok. 100,-
- 16.00 Lindehuset *Sleppfest for No. 15* Storstilt lanseringsfest for symposieantologien. 350,-
- 18.00 Sentralbadet *Stør og sjampanjebrus* Erlend G. Huus presenterer ny bok. 100,-
- 18.00 Kinosalen *Arbeidarromanen* Jens M. Johansson og Lars Ove Seljestad, Frode Helmich Pedersen. 150,-
- 20.00 Lindehuset *Hallo Odda* Litterært talkshow med Marit Eikemo og Frode Grytten. Gjest: Nina Lykke, Hallgeir Opedal, Jens M. Johansson. 300,-

Smitteverntiltak

Vi jobbar for å legge til rette for ein trygg festival, der det skal vere mogleg å halde avstand.

- Litteratursymposiet i Odda følger Helsedirektoratets retningslinjer for arrangement.
- Det viktige er å unngå køar og opphoping av folk. I Kinosalen og i Lindehuset fordeler vi publikum i ulike soner med eigne inn- og utgangar.
- Salane blir reingjorde mellom kvart arrangement.
- Alle som er på jobb og på scena skal vere friske.

Kva du som publikum må gjere

- Er du sjuk – hald deg heime!
- Hald 1 meters avstand til andre: I døra, i gatene og på kafé.
- Vask hendene ofte.
- Kjøp billettar før arrangement på littsymp.ticketco.event
Du må opplyse namn og nummer på dei som skal bruke billettane.

Les meir om programmet på www.litteratursymposiet.no
Endringar i program som følge av COVID-19 må reknast med, og vil ikkje bli kompenserte. Blir arrangementet avlyst, får billettkjøpar tilbod om refusjon.



TORSDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET NYLIBERALISMEN OG MENNESKET – foredrag

Kva er eigentleg nyliberalisme, og kvifor meiner så mange at han stimulerer til eit økonomisk meningslaust begjær? **Linn Stalsberg** held eit kritisk foredrag om nyliberalisme og problemet med vekst for vekstens skyld.



Foto: BT



Foto: Pernille M. Walvik



TORSDAG KL. 13.00 / KINOSALEN TEKSTALLIANSE: LITTERATURØKONOMI

Politiske verkemiddel for litteratur omfattar m.a. momsfrifakt, fastprisavtalen og innkjøpsordningane, driftsstøtte til institusjonar, prosjektstøtte til litteraturproduksjon og formidlingstiltak, og stipend. Korleis påvirkar den økonomiske strukturen mangfald, kvalitet og formidling av den norske litteraturen? **Tore Slaatta** og **Anne Oterholm** møter **Hilde Sandvik** til ein fagleg samtale om litteraturøkonomi. I samarbeid med Tekstallianse.



Foto: Renata Espo Aasen



Foto: BT



TORSDAG KL. 15.00 / KINOSALEN TEKSTALLIANSE: LITTERATURPOLITIKK

Regjeringa sitt formål med litteraturpolitikken er å legge til rette for kvalitet, breidde og mangfald i innhald og sjangrar innan fag- og skjønnlitteratur, og tilgjengelegheit for lesarane. Bidreg dagens verkemiddel til formålet? Statssekretær **Gunhild Berge Stang** og **Anne Oterholm** møter **Hilde Sandvik** til ein fagleg samtale om litteraturpolitikk. I samarbeid med Tekstallianse.



TORSDAG KL. 16.00 / LINDEHUSET
GARASJELAND

I si niande novellesamling tar Frode Grytten oss med ut i eit landskap der drømmar, minne og ein dårlig dag kan ha fatale konsekvensar. Grytten viser korleis folk som er drivne av lengt og kjærleik og fanatisme, søker fellesskapet, men heile tida med einsemd og isolasjon som like sannsynlig utfall.

Frode Grytten møter **Jens M. Johansson** til samtale.



TORSDAG KL. 16.45 / PORTEN eller IRIS SCENE
KRÅKENE – konsert

Gratis konsert med viseorkesteret frå Odda og Tyssedal.



TORSDAG KL. 17.30 / ODDA UNGDOMSSKULE
U-BAR

Elevar ved Odda ungdomsskule framfører eigne tekstar, med og utan musikk.

I prosjektet Skrifta på veggen skriv elevane korte tekstar om nokre av tema på symposiet opp gjennom åra.



TORSDAG KL. 17.30 / NITROGENANLEGGET OPNING AV SYMPOSIEUTSTILLINGA

The Hoplessness of Beeing Alive

Offisiell opning av **Maria Pasenau** si symposieutstilling. Performance ved Pasenau og **Johanna Scheie Orellana**. Sjå omtale av utstillinga på eige oppslag.



TORSDAG KL. 19.00 / LINDEHUSET LITTERÆR KRAFTSTASJON

Symposiets opningsforestilling er ei feiring av at vi har symposium i Odda. Statssekretær i Kulturdepartementet, **Gunhild Berge Stang**, opnar symposiet. **Kjartan Flogstad** framfører sin *Trolltungtale*, tonesett av **Annlaug Børsheim**. **Marthe Valle** syng og spelar piano, **Helge Olsen**, aka **Frode Grytten**, oppsummerer året som har gått og **Foreningen for By og Bygd** knyter det heile saman.

Nº15

Vi har laga bok og feirer det!

Litteratursymposiet har invitert 15 forfattarar til å nyskrive tekstar til årets symposium, basert på tema for symposiet 2005 – 2019. Boka er både vårt koronatilskott for forfattarar, og ei markering av 15-årsjubileet vårt.

I samarbeid med Ullensvang bibliotek, lar vi folk i Kinsarvik og Jondal få ein snikkikk aller først!

FREDAG KL. 11.30 / HERADSSTYRESALEN, KINSARVIK
SNIKKIKK No. 15 KINSARVIK
Marit Eikemo og Lars Ove Seljestad.

FREDAG KL. 11.30 / BIBLIOTEKET I JONDAL
SNIKKIKK No. 15 JONDAL
Kjartan Fløgstad og Annlaug Børnheim.

LAURDAG KL. 16.00 / LINDEHUSET
SLEPPFEST FOR No. 15

Bestill på littsymp.no



SYMPOSIEUTSTILLINGA THE HOPLESNESS OF BEEING ALIVE MARIA PASENAU

TORSDAG - LAURDAG KL. 12.00 - 18.00

NITROGENANLEGGET

NYLIBERALISMEN OG MENNESKET – foredrag

Opning torsdag kl. 17.30

Performance ved Maria Pasenau og Johanna Scheie Orellana.

The Hoplesness Of Beeing Alive er ei bok bestående av tekstar, teikningar og foto. Boka tek opp menneska si naive tillit til allmenne fakta. Den handlar om frykt for framtida, men uttrykker òg eit håp om endring. Pasenau skildrar sjølv publikasjonen som ei slags sjølvhjelpsbok; med humor og skildring av det surrealistiske i kvardagssituasjonar navigerer den mellom vanskelege og skumle tema.

Bokprosjektet starta med ei utforsking av hennar eigne grenser for tekst og tanke-sprang. Pasenau er dyslektikar. Ho har opplevd tekst som vanskeleg og kjedeleg. Mot-stand er sentralt i hennar kunstnariske praksis, ein motstand mot å ta innover seg dei faste og rigide rammene som samfunnet set. Gjennom å vise det uperfekte – skrivefeil i tekstar og verkstitlar, får verka eit ytterlegare personleg lag.

Pasenau er ein av landets fremste unge samtidskunstnarar og er kjøpt inn til Nasjonalmuseet si faste samling.



FREDAG KL. 11.00 / MURBOLIGEN (Start) BIKUBEGANG

Bli med inn i **Frode Grytten's** univers og det mytiske Odda. Bikubegang er ei vandring i det litterære og heilt konkrete Odda, med opplesingar, folkesnakk og historiske kuriosa. Gjester frå Odda Musikklag er med i prosesjonen. Merk: 50 plassar, alle må ha billett.



FREDAG KL. 11.30 / HERADSSTYRESALEN, KINSARVIK SNIKKIKK NO. 15

Marit Eikemo og **Lars Ove Seljestad** les tekstane sine frå symposieantologien. I samarbeid med Ullensvang bibliotek.

FREDAG KL. 11.30 / JONDAL BIBLIOTEK SNIKKIKK NO. 15


Kjartan Fløgstad les teksten sine frå symposieantologien, tonesett av **Annlaug Børsheim**. I samarbeid med Ullensvang bibliotek.



FREDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET DET ESSAYISTISKE UNIVERS

Essay ved Ida Lødemel Tvedt.

Essayet har røtter tilbake til renessansens Europa, og vert gjerne knytt til noko kontinentalt og estetisk. Også USA har ein levande essaytradisjon, særskilt innanfor kulturkritikk. Kva er egentleg essaysjangerens nedslagsfelt? Kva kan essayet gjere og kva kan det ikkje gjere? Ida Lødemel Tvedt tenker høgt om essayismen.





FREDAG KL. 12.00 - 18.00 / NITROGENANLEGGET THE HOPLESSNESS OF BEEING ALIVE - utstilling

Symposieutstillinga til **Maria Pasenau** er open.



Foto: Ida Fiske



Foto: Rolf M. Aalgaard



FREDAG KL. 13.00 / LINDEHUSET KVINNEKROPPEN

Med intime portrett utfordrar **Maria Pasenau** dei klassiske skjønneheitsideala. **Wencke Mühleisen** har skrivne om den aldrande kvinna, seinast den nyaste romanen *Redd deg selv, lille hjerte*. Dei to møter **Linn Stalsberg** til samtale om kropp, kunst og offentlegheit.




Foto: Eivind Samset



Foto: BT

FREDAG KL. 14.00 / KINOSALEN TEKSTALLIANSE: NOBELS LITTERATURPRIS

Nobelprisen er den mest prestisjetunge litteraturprisen i verden. Tekstallianse og Litteratursymposiet i Odda inviterer til ein samtale om Nobelprisen i litteratur og årets prisvinnar. **Frode Helmich Pedersen** er vår kommentator, og **Hilde Sandvik** leier samtalen. Den siste gjesten vert invitert etter annonseringa torsdag 8. oktober.

Foto: Eivind Sæviestad



FREDAG KL. 14.00 / PORTEN TERAPIGANG

Odda har den siste tida opplevd fleire stygge utbrot av Netflix, ein epidemi som potensielt kan kreve menneskeliv og føre til lokalt Ragnarok. **Henning H. Bergsvåg** og **Frode Grytten** har tidligare hjelpe Odda-samfunnet ut av økonomisk knipe og gitt fleire oddingar evig liv. Dei to kjente sjølvhjelpsekspertane tar no på seg oppdraget med å få Netflixen under kontroll og drive Netflix ut av Odda for godt.




Foto: Agnete Brun

FREDAG KL. 15.00 / LINDEHUSET DØDEN

Korleis leve når vi veit vi skal dø? Medvitet om slutten som ventar og om alt som går tapt er sentralt i romanen *Idag jeg, i morgen du* av **Kjersti Annesdatter Skomsvoll** og diktsamlinga *Inventarium* av **Pedro Carmona-Alvarez**. Dei to møtest i samtale med **Ida Lødemel Tvedt**.



FREDAG KL. 16.00 / PORTEN eller IRIS SCENE FORENINGEN FOR BY OG BYGD – konsert

Foreningen for By og Bygd sine kjerneverdier er nynorsk, det skeive, country og americana. Dei spelar eigne og omsette låtar og synest teksten er halve poenget. Dei fleste songane er litt triste, men ikkje verre enn at vi alle har vore der.



FREDAG KL. 17.00 / KINOSALEN RO/URO

Konsertforedrag av og med **Marthe Valle**.

Forventningane vi har til kva livet skal vere, kolliderer ofte med sjølve livet. Korleis skal vi leve med uro i ei ustabil tid? Korleis leve med naturlege bølgedalar, og finne balanse i livet? Valle har bakgrunn som sjukepleiar i psykiatri, og bruker fagkompetansen sin, humor, alvor og musikk i denne forestillinga om uroa i oss.





FREDAG KL. 18.00 / SENTRALBADET 2. ETG SENTRALBADET POESI

Henning H. Bergsvåg har i tjuve år markert seg som ein av Vestlandets mest særeigne poetar. I den siste diktsamlinga, *Dette er ikke et stille sted*, møter vi eit ungt par som har trekt seg tilbake frå verda. Bergsvåg møter **Jens Kihl** til samtale om boka og poesien.



FREDAG KL. 19.00 / KINOSALEN UTROSKAP




Anten vi er den svikne parten, eller sjølv er den som svik: forskning viser at utroskap vil berøre dei fleste av oss i løpet av livet. Få hendingar verkar så oppskakande på sjølvbilde, identitet og forhold som utroskap. Korleis skal vi forstå utroskap som fenomen? Er det berre øydeleggjande for eit forhold, eller kan utroskap føre noko godt med seg?

Nina Lykke og **Wencke Mühleisen** i samtale med **Marit Eikemo**.



FREDAG KL. 20.00 / RØLDALSGARASJEN STØR OG SJAMPANJEBRUS

I **Erlend G. Huus** si nye bok *Stør og sjampanjebrus – bygdebok for Bjølle dalen* losar bygdebokforfattar lesaren fram til Bjøllestad, ei artig, men lite omtala industribygd i Hardanger.



FREDAG KL. 20.00 / LINDEHUSET EIN KVELD MED TORE RENBERG

Tore Renberg er ein av landets mest leste og bejubla forfattarar. I haust har han ny roman, *Tollak til Ingeborg*, si andre bok på nynorsk. Velkomen til ei samling rundt leirbålet i haustmørket, med showet Renberg har turnert med i fem år: ein deilig mix av litteratur, musikk og humor.

Tore Renberg – vokal og litteratur
Alexander Flotve – gitarar



Foto: Truls Hornvæl

LAURDAG KL. 11.00 / LINDEHUSET SmåSymp – HEAVYKATTEN

Kva skjer når ein forfattar skal vera muskar? I denne familieforestillinga får du eit musikalsk møte med figurane Heavykatten, Discodansemusa og Pinnsvinet Philip, kjende frå fleire bøker av **Roald Kaldestad**.



LAURDAG KL.12.00 / KINOSALEN LITTERATUR PÅ LOFFEN

Sidan antikken har den skrivande turisten vore eit fenomen, og sjangeren er framleis vital. **Knut Markhus** har skrive boka *Underdeilig! Hardanger si reiselivshistorie*. **Ida Lødemel Tvedt** er på fysisk og metafysisk reise i *Marianegropen*.
Dei møttest til samtale med **Jens Kihl**.





LAURDAG KL. 13.00 / PORTEN (start) **SMELTEVERKET RUNDT PÅ 100 MINUTT – fabrikkvandring**

Bli med på smelteverksvandring med to kjemper frå Odda:
Fabrikkdiktar og Oddas klassereiseforfattar **Lars Ove Seljestad** og
den legendariske fagforeiningsleiaren og Raudt-politikaren **Terje Kollbotn**.



LAURDAG KL. 13.30 / KINOSALEN **KVARDAGSSTEIN – film**

Filmen *Kvardagsstein* av **Leander Djonne** er ein studie av landskapet i Indre Hardanger og Sør-Grønland, og korleis naturen påverkar dei som bur der. Filmen handlar om tapt sivilisasjon, vandring og reise, det å slå røter eller miste tilhørslse, fråflytting og utvandring; menneska sitt ønske om å vera ein del av noko større enn seg sjølv og samstundes oppleve individualitet.



LAURDAG KL. 14.00 / PORTEN eller LINDEHUSET **ODDA STORBAND – konsert**

Gratis-konsert med **Odda Storbånd**.
Gjestevokalist og konferansier er **Bente Raen Widding**.





Foto: Agnete Brun



Foto: Agnete Brun



Foto: Rolf M. Aagaard



Foto: Paal Audestad

LAURDAG KL. 14.30 / KINSALEN LESESTUND

Forfattarane les frå sine nyaste bøker:

Nina Lykke - *Full spredning*

Kjersti Skomsvold Annesdatter - *I dag jeg, i morgen du*

Jens M. Johansson - *Lavterskeltibud*

Wencke Mühleisen - *Redd deg selv, lille hjerte*

Elise Winterthun er programvert.



LAURDAG KL. 15.00 / SENTRALBADET STØR OG SJAMPANJEBRUS

I **Erlend G. Huus** si nye bok *Stør og sjampanjebrus – bygdebok for Bjølledalen* losar bygdebokforfattar lesaren fram til Bjøllestad, ei artig, men lite omtala industribygd i Hardanger.



Foto: Julie Pike



Foto: Marna Sørhaug



Foto: Rolf M. Aagaard



LAURDAG KL. 16.00 / LINDEHUSET SLEPPFEST FOR N^o15

Lanseringsfest for symposiets rykande ferske bok. Preik, opplesing og musikk.

Med: **Kaja Schjerven Mollerin**, **Marit Eikemo**, **Frode Grytten**, **Pedro Carmona-Alvarez**, **Wencke Mühleisen**, **Lars Ove Seljestad**, **Leander Djonne**, **Traddies**.

Programvert: **Gro T. Kollbotn**.



Foto: Pål Audestad



Foto: Nicolas Nelli



Foto: Pål Audestad

LAURDAG KL. 18.00 / KINOSALEN **ARBEIDERROMANEN**

Arbeidarromanen har ei lang historie. Men kven er eigentleg arbeidaren i 2020, og kor går grensa mellom realitet og romantisering? **Jens M. Johansson** og **Lars Ove Seljestad** har skrive om arbeidaren på ulike måtar. Dei møttest til samtale med **Frode Helmich Pedersen**.



LAURDAG KL. 20.00 / LINDEHUSET **HALLO ODDA!**

Velkomen til verdas einaste talkshow av og med forfattarar og oddingar! Kveldens talkshowvert, i år som i fjor, er odding og forfattar **Marit Eikemo**. Som side-kick har ho med seg sjølvaste **Frode Grytten**. **Pedro Carmona-Alvarez** er kapellmester for Hallo Oddas eige husband.

Kveldens gjester er **Nina Lykke**, **Hallgeir Opedal** og **Jens M. Johansson**.
Oda Sunde Strand og **Vegard Skjærvø** (Fastlegar)



FORFATTARBESØK PÅ SKULAR OG I BARNEHAGAR

Elevar i Ullensvang kommune får besøk av nokre av våre finaste forfattarar. I år kan vi på grunn av kohortar og avgrensingar ikkje by på program til alle klassetrinna, bortsett frå hos våre nye vener i Jondal, som er involverte i symposieprogrammet for første gong.



Foto: Pia Waal



Barnehagar og småskulen får beøk av flinke forteljarar: **Teater Avvik** kjem med forestillingen *Bikuben*, der ein passe vaksen mann i passe fin dress dukkar opp med ein bikube som viser seg å være reine forundringsspakken. Forteljar **Nina Næsheim** opnar Det magiske skrinet, som ho arva av morfaren sin. Han var sjømann og reiste rundt på dei sju hav. Det gamle magiske skrinet inneheld små ting med historier for liten og for stor.



Foto: Gudmund Mørén



Adele Lerum Duus besøker småskulen med ein rykande fersk jubileumsforestilling om Anne Cath. Vestly, og mellomtrinnet får besøk av **Magnhild Bruheim** og **Tor Arve Røssland**.



Foto: Manus/Avvik



Foto: Fabian Ubeda

Ungdomsskulane får besøk av **Terje Torkildsen** og **Sigrid Agnethe Hansen**, som har skrive bok om eit nakenbilette på avveie. Torkildsen skal óg møte elevar på vidaregåande skule, og **Marthe Valle** held konsertforedraget *RO/URO* for elevar der.

I år som alle år, jobbar elevar på Odda ungdomsskole med eiga tekstskaping, i prosjektet *Skrifta på vegg*: Dei skriv korte tekstar om nokre av tema på symposiet opp gjennom åra. Desse skal dei framføre på forestillinga *U-BAR*, tonesett av elevar på musikkfag, og dei kjem nok, som alltid, til å dukke opp med geriljalesing i gatene.

BILLETTAR:

littsymp.ticketco.no
Odda bibliotek

Pga. smittesporing må alle kjøpe billett før arrangementet, samt oppgi namn og telefonnummer.

Har du kjøpt billett, og vil endre namnet på den som skal bruke den: ta kontakt på litteratursymposiet@gmail.com

BOKSAL:

Norli Odda sel bøkene til forfattarane på festivalen, på arrangement og i butikken ved torget.



Festivalleing:

Ingvild Ystanes, festivalleiar
Else Marie Sandal, Programansvarleg for barn og unge
Elise Winterthun, programrådgjevar
Gro T. Kollbotn, produsent
Elin Myran, Frivilligsentralen i Odda
Blueslaget Lokst utøve, teknisk arrangør
Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus, medarrangør

Kunstnariske rådgjevarar:

Frode Grytten, Frode Molven, Augon Johnsen, Pedro Carmona-Alvarez m.fl.

www.litteratursymposiet.no

Bikubegang

- 1 MURBOLIGEN
- 2 FOLGEFONNGATA
- 3 FRELSESARMEEN
- 4 BARNESKULEN
- 5 PLATESJAPPA
- 6 FLYTEBRYGGA
- 7 TORGET
- 8 BUSSTASJONEN
- 9 ALMERKEPARKEN
- 10 GÅGATA
- 11 MERCUR CAFÉ
- 12 SKREVET
- 13 DOMUS
- 14 SMELTAREN

- 15 HARDANGER HOTEL
- 16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET
- 17 KINOEN
- 18 OPO
- 19 ERRAFLOT
- 20 TYSSSEDALSVEGEN
- 21 LINDEHUSET
- 22 SMELTEHUSET
- 23 HJØLLO
- 24 RØLDALSVEGEN



Litteratursymposiet

- A LINDEHUSET
- B HARDANGER HOTEL
- D KINSALEN
- E IRIS SCENE
- F NITROGENANLEGGET
- G SENTRALBADET LITTERATURHUS
- H ODDA BIBLIOTEK

- I MURBOLIGEN
- L KINSARVIK, HERADSSTYRESALEN
- M RØLDALSGARASJEN
- N NORLI
- Q PORTEN
- W JONDAL BIBLIOTEK

-  FESTIVALKONTOR LITTERATURHUSET
-  BILLETTKONTOR BIBLIOTEK